

Innlegg på opplæringspolitisk konferanse i Kristiansand 5. og 6. september.

Kjære alle saman!

I løpet av den siste tida har det igjen vorte sett søkjelys på opplæring av elevar med lærevanskar og kva opplæringsvilkår som eksisterer under ulike former for organiseringsformer.

Med like stor undring registrerer eg at dei som gjentar desse utspela også gjentar gamle argument som om talet på repetisjonar fremjar sanning! At dette er ein kjend politisk manipuleringsmåte er eg godt kjend med, men at fagfolk hengjer seg på same type argumentasjon gjer meg vondt. Kanskje hadde det vore lurt å snudd kikkerten rette vegen og gått inn i problematikken i staden for betrakte alt frå utsida på forståsegpå – brillar. Kanskje nokre av desse fagfolka har vore så lengje vekke frå terrenget at dei teiknar kart ut frå 30-års gamalt minne!

Det gjer meg også vondt at ein sausar saman ei mengde diagnoser og åtferdsmønster som isolert sett ikkje har noko med kvarandre å gjere. Dette er stigmatiserande for alle det går utover og rammar i tillegg store sirkular utover frå målpersonen.

Eitt døme er at elevar med åtferdsvanskar og elevar med lærevanskar/elevar med utviklingshemming blir plassert i same problemstilling.

Rett nok kan også elevar med utviklingshemming ha åtferdsvanskar, men ser ein på gruppa med elevar med lærevanskar under eitt, kan eit like godt kjenneteikn vere at der er for lite åtferd og at ein av og til faktisk hadde ønskt seg ein liten åtferdsvanske (forstå meg rett!).

Påstandane om problem med integrering går på at elevar øydelegg læringsmiljøet gjennom uro og negativ åtferd og at nokre elevar med lærevanskar krev så tett oppfølging frå lærarar og assistentar at det går ut over dei andre elevane. Andre påstandar går på at læringsutbyttet for dei med spesielle behov blir dårleg innafor ei normal organisatorisk ramme og at ein på eigne tilrettelagte skular/grupper vil elevane få betre tilrettelagt hjelp – og ikkje minst: Dei som blir att i den vanlege skulen vil få betre vilkår for læring.

Eg har vore medlem av rådet for inkluderande opplæring i Utdanningsdirektoratet i 3 år, og har fått tillit i 3 nye år. Eg har gjennom perioden til no vore oppteken av å skaffe dokumentasjon på læringsutbytte til elevar under ulik organisering. FOR eg er svært oppteken av at det er læringsutbyttet til eleven som er det viktigaste, så får organiseringa ha eit heller breitt spekter av tilnæringsmåtar.

MITT spørsmål er om ein i ”læringsutbytte” berre skal legge såkalla skulastiske fag eller om ein skal ha eit heilskapsperspektiv i botnen som viser kvalifisering fram mot livslang læring og funksjon i eit meir eller mindre tilrettelagt samfunn. DÅ trur eg ein får eit anna resultat enn om ein måler matematikkunnskapane.

MEN då er det EG som trur!

Utviklingstrekkja for dei 5 siste åra, slik dei kjem fram gjennom utvalet som vurderte Manneråkutvalet si innstilling i NOU 2000:22 ”Frå brukar til borgar” fem år etter, viser framfor alt at ein ikkje har den minste oversikt over korkje kva ein gjer, kvifor ein gjer det, korleis ein skal gjere det eller kva som må til for at læring skal skje!

Det er ein RYSTANDE dom utvalet feller over den norske utdanningspolitikken over for elevar med spesielle vanskar. Den er KNUSANDE i dommen over manglande dokumentasjon:

Høyr berre her:

- Barnehagestatistikken over delen av barnepopulasjonen med funksjonsreduksjonar som faktisk får barnehagetilbod er mangelfull
- Det finst ingen samla dataoversikt over kva særskilde behov barna som mottar spesialundervisning har (derav trur eg også samanblandinga av diagnosar og åtferdsformer kjem!)
- Det er heller ingen oversikt som gir informasjon om korleis spesialundervisninga går føre seg (Er ikkje dette berre utruleg?)
- Det er lite informasjon om kommunale forsterka skuletilbod. (NFU har prøvt å skaffe fram slik dokumentasjon gjennom fylkesmennene, men dei har heller ingen annen kunnskap enn den som kjem fram gjennom den såkalla GSI-registreringa. Og direktoratet har ingen samla oversikt. Med den kunnskapen NFU sit inne med er situasjonen rundt om i dei større byane (eg sa ikkje STORE) skræmande.).

- Det er ingen dokumentasjon om effekten av virkemiddel på vaksenopplæringsområdet. (Døme: I Ålesund hadde dei ikkje gjennomført sakkunnig vurdering sidan 90-åra og dei hadde ikkje internkontrollsystem for gjennomføringa slik lova krev. Eg jobbar i vaksenopplæringa sjølv og er like skremd framleis som det eg sa her for 2 år sidan over at kommunane og fylkeskommunen byggjer opp kunnskap og kompetanse gjennom eit 13-årig skuleløp for så å la denne kompetansen forsvinne i ein periode der den skulle ha utkrystallisert seg gjennom livskvalitet.. Forstå det den som kan!

Og tenk på det etiske? For nokre blir det som om dei brått skulle ha mista evna til å lese og skrive – eller til og med snakke. Som logoped jobbar eg med nokre av dei som har mista slike evner og prøver å forstå kva tapet verkeleg inneber. Då forstår eg kanskje betre enn andre kva det betyr å miste andre grunnleggjande ferdigheiter. Når vi som system tar vekk slike ferdigheiter blir etikken nesten borte. Tenk om vi kunne sjå dei to § 4 –ane i skule- og sosiallovgjevinga i samheng og VERKELEG ta den livslange læringa på alvor. Eg forstår ikkje at ikkje eingong økonomane har sett dette potensialet! Beklager ordstyrar! Eg veit at eg sa dette også for 2 år sidan, men på lik linje med dei eg harselerte med innleiingsvis, trur eg av og til at gjentaking verkar. Som de forstår: Dette kunne eg ha snakka lenge om og det er for meg eit heilt utruleg paradoks!

- Men utvalet sa meir: Det er lite informasjon om funksjonshemma elevar og studentar i vidaregåande opplæring og i høgare utdanning. (At det finns lite informasjon om høgare utdanning kan eg forstå. Det er eit SJOKK for departement og direktorat at elevar med lærevanskar greier å gjennomføre vidaregåande opplæring på vanleg måte og skaffe seg studiekompetanse. Det er eit SJOKK for dei at dei i det heile ikkje har eit apparat som kan ta seg av desse elevane, og det er eit SJOKK FOR DEI AT DET IKKJE ER DIAGNOSE SOM AVGJER INNTAK, MEN FUNKSJONSNIVÅ OG RESULTAT!

At ikkje det er informasjon om elevar i vidaregåande skule er kanskje det mest avslørande av alt. Her har vi hatt eit system i titals år med rettar for alle i vidaregåande skule, var det sidan 1979-årgangen ?, og så har ein endå ikkje fått på plass systemet for internkontrollen etter lova??? Det forbausar ikkje NFU: Heldigvis

(og diverre) har Rogaland fylkeslag gjennom sine initiativ fått stadfesta sine avsløringar gjennom eit tilsyn i 2007 som burde ha fått byråkratar og politikarar til å miste nattesvevnen , og det som verre var! Dette må eg diverre kome tilbake til som eige innputt!

- Tilslett seier utvalet at ein ikkje har oversikt over kva igangsette verkemiddel har gitt som resultat. NEI! DET HAR NO BERRE GÅTT 5 ÅR!

Vi har høyrte om eit KUNNSKAPSLØFT i denne perioden.

Vi har høyrte om eit KOMPETANSELØFT for lærarar i perioden. Gjeld dette elevar med lærevanskar og gjeld dette spesialpedagogar?

Det blir no hevda via ny forskning at ei alt kan sjå effekten av kunnskapsløftet gjennom OECD-initierte målingar. HURRA! Eg saknar likevel i den samanheng dokumentasjon av effekten av læringsutbyttet for elevar med lærevanskar. NFU vil via direktoratet stresse på dokumentasjon som viser at elevar med lærevanskar på lik linje med andre elevar har fått utbytte av satsinga på mange milliardar kroner. Dersom ikkje det blir vist, skal vi spikre politikarane opp ein etter ein, særleg dei som snakkar høgst om”dei svake gruppene”.

Kven har sagt at ”våre grupper” er svake? Kva mål skal vi legge på kvarandre når vi måler sterk og svak? Kan du svare på det er du også MIN dommar!

Eg kunne ha sagt mykje om denne innstillinga frå utvalet. Utvalet sin hovudkonklusjon er at

” er ingen av Manneråkutvalets forslag til prioriterte tiltak innen opplæring og utdanning er gjennomført, og det kan sies at det har skjedd lite med de store funksjonshemmende barrierene”.

Dette er ein dom over norsk utdanningspolitikk som er langt meir avslørande enn det systemet vil innrømme. Difor har også systemet halde kjeft og vi små, spede røystene har hamra om hamra. Eg tok det opp i rådet for inkluderande opplæring i januar/februar, og på nytt i juni. Då enda initiativet i ein uttale til direktoratet.

Men vi skal no ikkje berre grave oss ned i elende! Kanskje må vi i større grad, slik som nokre på konferansen viser, sjå til dei gode døme, sjå kva rammevilkår som bør/ skal/må ligge til grunn for at gode løysingar oppstår og så ut frå desse skape modellar som blir retningsgjevande.

Dette høyrdest ut om ei avslutning: Men det skal kome MYKJE meir:

”Pendelen har svinga for langt”, blir det sagt.

PENDELEN HAR IKKJE SVINGA!

HAN HAR KNAPT NOK RØRT PÅ SEG!

Hadde han endå hengt rett ned så hadde det i alle fall indikert ein slags balanse, at tilhøva for elevar med utviklingshemming i den norske skulen var sånn nokon lunde slik som for dei andre elevane – på godt og vondt!

MEN han er ikkje i nærleiken eingong!

Dersom noko har bevega seg saktare i norsk skulepolitikk enn integreringstanken, så må det vere lærarane sin hang etter raudeblyanten!

Tenk dokke dei glimrande tankane Blom-kommiteen la til grunn for endringa av skulelovene utover mot midten av 70-åra! Det er over 30 år sidan, folkens!

Så gjekk det over 20 år før inkluderingsbegrepet vart ein del av planverket!
No har det gått nye 10 år og det har aldri vore så mange segregerte element i den norske skulen som no!

OG SÅ HAR PENDELEN SVINGA FOR LANGT?

Les dei siste tilsynsrapportane og sjå på den manglande interessa for dokumentasjon, så har de svara.

Eg vil hevde at den største forsømmelsen som har vorte gjort i norsk skulehistorie har vore gjort mot elevar med spesifikke vanskar dei siste 10 åra.

Rett nok har mykje vore gale før, men eg vil årsake mykje av dette i lys av manglande kunnskap og haldning.

No har vi lovverket på plass!

Vi har eit utbygt skulesystem over heile landet!

Vi har utdanna tusenvis av spesialpedagogar på ulike nivå!

Vi har aldri hatt betre lærartettleik!

Vi har aldri hatt tilgang på meir teknologi og hjelpemiddel!

Vi har fagmiljø på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå!

Vi har direktorat og oppdaterte fylkesmenn (Gud hjelpe meg!)

Vi nyttar millionar av kroner på systemanalyse kvart år!

Vi har løfta kunnskap for elevane!

Vi har løfta kompetanse for lærarar og leiarar!

Vi har økonomi til det meste!

Vi har pressgrupper som heile tida hamrar laust.

OG VI HAR ALDRI HATT STØRRE ULIKSKAP I DEN NORSKE SKULEN OG STØRRE MANGEL PÅ RETTFERD!

ALDRI! har den norske skulen tatt inkluderingsstanken på alvor!

ALDRI har det norske samfunnet tatt inkluderingsstanken på alvor!

ALDRI har det vore meir bruk for NFU til å kjempe fram realitetane i inkluderingsfilosofien!

For det ER ein filosofi, det ER eit globalt syn på korleis vi meiner at menneske skal leve saman.

Vi ser at andre har andre filosofiar og /eller ideologiar, og eg må få lov å seie at det IKKJE er ein del av kommunevalkampen når eg sterkt utfordrar Framstegspartiet! Etter at NFU sitt grunnsyn har vorte systematisk kritisert gjennom eit heilt år og der vi sjeldan får ta til motmæle i media, vil eg i alle fall no berre fastslå at NFU og Framstegspartiet har to ulike syn på korleis samkvem mellom menneske bør vere i ei inkluderande verd! Når ein les deira 17 punktts forslag som dei har lagt fram for Stortinget, ser ein at dei vil la elevar med spesifikke vanskar få lide for den kommunale inkompetansen. Snakk om å rette bakar for smed! Og finansieringa er sjølvsagt grei: Ein skal ta ressursane frå spesialpedagogikk ressursen i normalskulen og lage spesialskular av. Dette liknar litt på det vi kallar Matteus-effekten: Å ta frå dei som alt har lite frå før!

Men la ikkje igjen hovudpoenget forsvinne i demagogi!

Stikk no fingeren i jorda ein liten augneblink, gå så i sirkel rundt fingeren og sjå korleis skulen ser ut på din heimstad, barnehagen, SFO-ordninga, den vidaregåande skulen og overgangen til kommunal vaksenopplæring og/eller aktivitet/arbeid.

Er vi kry av dette?

Er det realitetane her vi har lyst til å vise naboen?

Er det sant det vi fortel ute i verden?

Eg var på ein stor verdskonferanse i Acapulco i Mexico i november i fjor, med i alt 1700 deltakarar, og skulle fortelje om den norske utdanningspolitikken overfor elevar med utviklingshemming. Eg fortalde om alt som låg til rette formelt for at tilbodet burde vere topp, men måtte med bøygd nakke fortelje om realitetane. DET VAR PINLEG!

Verdens rikaste land som burde kunne vise vegen, eller i alle fall ta andre med seg på ein konstruktiv veg framover, og så få reaksjonane:

”Ja, men når de ikkje får dette til i verdas rikaste land, kva då med oss?”

Ja, kva då med dei?

Kva då med oss!

Eg kunne ha slutta her!

Men eg har meir på hjartet!

Professor ved Høgskulen i Volda, Peder Haug, seier mykje klokt!

Ikkje berre er han flink til å spele tuba!(Eg veit det for eg har spelt B-tuba saman med han i Ørsta Hornmusikk!)

Han grip vidt (det må ein gjere når ein spelar B- tuba! Merk dokke eg snakkar ikkje om Ess-tuba! Det er for pyser). Det eg meiner er at: Han har forstått det!

Han ankrar spesialpedagogikken ikkje berre i ei eller fleire pedagogfiske retningar, men han ankrar pedagogikken i eit verdisyn!

Eg vil ta med litt at det vi tubaspejarane meiner:

Då spesialskulane var lagt ned, bygde det på kristne, humanistiske og demokratiske verdiar som menneskeverd, likeverd, fellesskap og likskap. Ein la vekt på den oppdragande verknaden det har at elevar uansett funksjonsnivå vart kjende med kvarandre. Erfaringane frå spesialtilboda var svært negative, det vere seg elevar med åtferdsvanskar eller barn og unge med utviklingshemming. Spesialinstitusjonane vart ei straff for mange av dei som kom dit! Det kjedeleg som skjedde var at når ein bestemte seg for å legge ned spesialskulane.

GLØYMDE ein dei lokale tilboda som fungerte på same måten. Difor har mange kommunar oppfatta dette som at dersom vi lagar kommunale spesialskular og grupper, så kan vi berre drive på som før: med dei same dårlege konsekvensane! Enten har dei ikkje forstått kva reformene gjekk ut på , eller så er dette bevisste val ut frå haldning!

Eg trur vetet er det, men at haldinga manglar!

Det verste er at desse merkverdighetene brer om seg, stikk i strid med politiske haldningar og føringar.

Mitt postulat er som følger:

DET HAR ALDRI VORE POLITISK VILJE I NORGE TIL Å GJENNOMFØRE EIN INKLUDERANDE SKULE!

”There is a will, there is a way”, sa enten Yassir Arafat eller Martin Luther King.

Klart det! Hadde dei sentrale politikarane prioritert opplæring av elevar med funksjonsreduksjonar like høgt som Romeriksporten, så kunne ein med 10 milliardar ha kome eit stykkje på veg!

Merkeleg samanlikning, seier du?

Tenk over det!

DET HANDLAR OM VERDIAR!

Det finns mange Romeriksportar, Mongar, eller kva heiter det no? Ein Reiten: 20 millionar:

Då har samfunnet pengar!

Men det handlar ikkje om pengar før haldningane er på plass og ein veit kva ein vil!

NFU i Rogaland og Møre og Romsdal har på ein briljant måte avslørt at rettstryggleiken til elevar, i denne omgang i vidaregåande skule, i beste fall byggjer på leirjord. Det er som de veit ikkje lurt! NFU Rogaland har gradvis bevega systemet inn mot fast land, men skråninga er bratt og glievna er stor: Slike rørsler varer tradisjonelt berre eitt år, men vi trur vi har funne eit ankringspunkt!

Skal ein nå fram må ein vite kvar ein skal !

Det sa Alice i Wonderland for mange år sidan

DET VERSTE ER AT DET IKKJE FINNS DEFINERTE MÅL I NORGE FOR KVA EIN VIL MED SPESIALPEDAGOGIKKEN

- OG IKKJE KVA EIN MEINER MED EIN INKLUDERANDE SKULE
- OG IKKJE MED EIT INKLUDERANDE SAMFUNN

Jau, seier nokre, berre sjå i Storingsmelding ”ditt” og NOU og Innstilling ”datt”.

PRAT!

EIN ting tel: Læringsutbyttet til alle elevar med utviklingshemming.

For la meg seie det til alle dokke spesialpedagogar, assistentar, førskulelærar, vernepleiarar eller kven de er:

Mange av dokke gjer ein fantastisk jobb, ofte langt utover det som stillingsinstruksen dokka seier. Likevel er de sterke kritikarar av systemet fordi de ser at der er så store potensiale som ikkje blir utnytta.

DE sit med erfaringane;

DE sit med kompetansen;

DE sit med kunnskapen;; Tilslutt:

DE sit med gleda , - og frustrasjonen.

Nokon prøver å gi DOKKE skulda for at læringsutbyttet for elevar med utviklingshemming er så dårleg.

Eg er usamd i at det er der problemet ligg!

Men fagfolk: Reis nakken! Fortel om røyndomen, ikkje om glansbilete, ikkje om kva de fekk til, **men kva de kunne ha fått til!**

Det er diverre også ei kjend sak at det finns både rektorar, lærarar og foreldre som er usamde i integreringspolitikken og som motarbeider han i det daglege. I skulen kjem dette til dømes til uttrykk gjennom at elevar vert oversedde, at dei blir isolerte eller at dei blir omtala på ein lite respektfull måte. Dilemmaet er at slikt sjeldan får konsekvensar for dei som står bak handlingane. Å etablere spesialskular på eit slikt grunnlag burde vere problematisk!

Mange elevar er avhengige av at undervisninga er lagt opp med fast leiing, langsiktige planar, god koordinering mellom lærarar, klar struktur, god orden, tett oppfølging, systematisk kontroll, tilpassa oppgåver, godt samarbeid med foreldra osv. NFU har ingen vanskar med å slå fast at mange skular og klasser/grupper har ein lang veg å gå før dei er komne dit. NFU trur helle ikkje at spesialskular endrar på denne utfordringa i vesentleg grad.

Til slutt i denne delen er det slik at eleven ikkje lever i eit vakuum. I tillegg til dei han har rundt seg av andre elevar, lærarar, assistentar mm, er det også eit nettverk av andre fagfolk som skulle ha vore i aktivitet som støtte. Å tru at desse i større grad ville stille opp med sin faglege ressurs mot ein spesialskule, burde i minste fall ha vore eit dilemma.

Det vi er samde om, trur eg, er at det ikkje berre handlar om å skipe til nye spesialtilbod, men også å få legalitet i høve ein praksis som klart bryt med vedtekne intensjonar om integrering. **OG SOM MYNDIGHEITENE MED OPNE AUGER GODKJENNER I STRID MOT EIGNE MÅLSETTINGAR:**

MÅ vi finne oss i det?

KVEN ANDRE hadde funne seg i det? Ser vi ikkje på oss sjølve som likeverdige til å meine noko om dette?

OG KVA INTENSJONAR HAR FAGFOLKA?

Eg likar ikkje å bruke den breie penselen! Den kan vere vel og bra på store flater, men den er lite tilpassa små krokar og ujamne kantar.

”Slik er det”, seier valkampen.

Dei positive tiltaka som virkar viser at inkludering er ein ”vinn-vinn”- situasjon for alle. Alle elevar tener på dette, både dei som treng ekstra hjelp og dei som ikkje gjer det!

Peder Haug seier følgjande: ”Svært mange av dei elevane som det no er ønskje om å sende til spesialskular, får ved slike skular meir ut av å vere i vanleg klasse enn å vere i spesialinstitusjonar.....Å vere i fellesskapen med alle andre jamaldringar er særst avgjerande for interesser og for engasjement i læring. Det gjeld dei aller fleste”.

Dette blir stadfesta i ein OECD-rapport om studiar av integrering i mange land. Denne rapporten konkluderer med at alle barn kan få opplæring med utbyte i vanleg skule og klasse, og utan at det er til sjenanse for nokon. Men eit slikt resultat gir seg ikkje sjølv!

Føresetnaden er at dei nødvendige ressursane er tilgjengelege både økonomisk, fysisk, materielt og når det gjeld kompetanse. Då er ikkje integreringa og inkluderinga noko uoverkomeleg problem.

OG kven skulle ha betre føresetnader til dette enn nettopp Norge?

Og det er litt vanskeleg for meg å forstå at ein ikkje kan nytte dei økonomiske og faglege ressursane som enkelte vil bruke å spesialsksular, for å støtte dei elevane som treng det i vanleg skule. Det er litt av eit dilemma at ein del etterlyser spesialsksular som svar på manglande politisk prioritering av integreringa i skulen!

Kommunane har vore gjennom ein hestekur i mange år, men ser no ut til å få rammevilkår som gjer at ein igjen kan sjå med optimistiske auge på å vidareutvikle skulen. Vi må vente at det som vart skore ned av delingstimar og timar til spesialundervisning no blir auka oppatt på lik linje med den auken som skjer i skulen generelt.

Skilnaden innafor kommunane og mellom kommunane er alt for stor til at rettstryggleiken er sikra, uansett korleis ein reknar. Spørsmålet ein må stille er om den kommunale sjølvråderetten går for langt i saker der den individuelle retten blir krenka.

Takk, Peder Haug, for inspirasjonen!

KJÆRE PROFESSOR MONIKA DALEN!

Du er ein av nestorane i norsk spesialpedagogikk!

I (det eg vil kalle) læreboka "Så langt det er mulig og faglig forsvarlig" gir du ei oversikt over den historiske utviklinga for spesialpedagogikken i Noreg. Eg kunne gitt ein heil presentasjon av innhaldet, men det høyrer kanskje meir heime i ein førelesingssal. Likevel: Kanskje er det for mange som ikkje kjenner til historia, som ikkje kjenner til dei dyrekjøpte erfaringane, som ikkje kjenner til prosessane og kven som kjempa reformer fram.

HADDE HISTORIELØYSA VORE MINDRE, HADDE KANSKJE FORSTÅINGA VORE STØRRE!

Men det er nokon som både er naselause og hakelause og dei vil alltid påstå å greie seg utan både briller og kjeveoperasjon!

Men kjære Monica: **Eg** vil ta deg til inntekt for **meg**, du skal sleppe ta det eg seier til di inntekt. Der ligg det ein avgrunn av respekt og ærefrykt imellom!

Eg får ikkje tid til å gi deg meir omtale denne gongen, berre anbefale boka di på det sterkaste. Eg kan som leiar i opplæringspolitisk politisk utval i NFU stille meg bak alle analysane dine, og eg må berre få ta med nokre setningar frå oppsummeringa di.

Ho snakkar om det ho kallar "**inkluderingsfellen**":

" Ved utelukkende å betrakte inkludering som et ansvar rettet mot spesialundervisning og spesialpedagogikk, fritar vi den for å tilrettelegge for alle. Vi burde i langt større grad ha rettet søkelyset mot de ordinære opplæringstilbudene for å gjøre dem meir romslige og inkluderende. Dette vil igjen igjen kreve at den ordinære pedagogikken også må ta ansvar for å utvikle kompetanse i undervisning tilpasset en større heterogenitet i elevgruppen."

No har eg vore innoom to professorar, ein i pedagogikk og ein i spesialpedagogikk, og her kjem ein professor i psykologi: **Stephen von Tetzchner**.

Han meiner at det å vere ein del av eit større fellesskap er viktig for bygginga av identitet, og at denne identitetsbygginga er like viktig for alle menneske uansett intellektuelt nivå. Difor er

har svært skeptisk til den nedbygginga av "klassen" som skjedde til fordel for grupper. Han meiner at dette grepet frå styresmaktene si side kanskje er det mest segregerende nokon har funne på.

"Tilhørigheten har ikke samanheng med hvorvidt den enkelte elev er med i en klikk, er flink, populær eller pen. Det er en felles visshet om at man for eksempel er en del av 2B.....

Klassen er en langvarig relasjon til mennesker man ikke sjølv har valgt. Det å bryte opp denne langvarige relasjonen ved å lage grupper er derfor svært uheldig."

Dette ser ein no ein tendens til gjennom at på tvers lovverket ved at skular er på veg mot nivådifferensierte grupper slik ein hadde det ved linjedeling på 60-talet. Denne utviklinga har NFU åttvåra mot under heile prosessen i og med at det økonomiske grunnlaget ikkje har følgd intensjonane.

Tetzchner seier vidare at ein ikkje kan venta at alle lærarar har kompetanse til både å undervise og legge til rette for elevar med mange typar funksjonshemmingar. Dei bør difor få eit reelt støttesystem som tar kompetansen inn i skulen igjen i staden for å legge utfordringane på eksterne støttesystem åleine. Det kan sjå ut som om utgreiing blir viktigare enn rettleiing. Då kan ein også oppleve at kostbart utgreiingsarbeid i røynda blir heilt bortkasta. Så langt professor Stephen von Tetzchner.

Det var her eg for to år sidan samanlikna Samtak-prosessen med eit sandtak der ein berre grov seg meir og meir ned.

Ein etterlyser ofte inkluderingsforståing i debatten om inkluderande skule. Her har eg gitt dokke tre på rappen, og dei er ikkje professorar utan grunn!

Igjen vil eg hevde at styresmaktene ikkje på nokon måte har teke opplæringa av elevar med lærevanskar på alvor. Ein gjer ting stykkevis og delt utan å byggje tiltaka ut frå ein samlande ideologi som omfattar både elevar, foreldre, lærarar, skuleadministrasjon, pedagogiske støtteapparatar – og politikarar.

Ein må sjå at ting som heng saman inngår i ein samanheng!!!

Tilsyn

Forvaltningsgjennomføringa i høve spesialundervisninga er eit rettstryggleiksproblem!

Det er utruleg kor lite kompetanse skulenorge har når det gjeld både forvaltningsrett og skulelovgeving!

Eg trur ikkje dette har rot i vrangvilje!

Eg trur det rett og slett handlar om at skuleeigar, enten det er kommune eller fylkeskommune, ikkje har kunnskap nok om kor viktig det er å kjenne og forvalte lova på rett måte. Det kan gjelde saksbehandlingsreglar og/eller det kan vere samarbeidsrutinar både internt på skulen og i høve foreldra.

Ikkje minst gjeld det å ha på plass internkontrollmekanismer i kommunen og system for det tilsynet kommunen eller fylkeskommunen har plikt på seg ha etter § 13.10 i Opplæringslova.

Det gjeld også forståing av kva som skal avgjere om tilpassinga av opplæringa er av ein slik karakter at det løyser ut enkeltvedtak. I det heile er begrepet ”tilpassa opplæring” enno så diffust at skulesystemet kan nytte det akkurat slik det vil! Og det gjer dei!

Stor er den oppvekstsjefen som kan slå seg på brystet og seie at han har fått prosenten på enkeltvedtak ned frå 17 til 2. Ja sume seier til og med at dei ikkje opererer med enkeltvedtak lenger fordi den tilpassa opplæringa er så god!

Då er det eg ropar på storebroen min: Tilsynet. Fylkesmannen!

”Kom”, ropar eg, ”kom og løft dyna og sjå om du får auge på noko der inne!”

Eller det er fylkeskommunen som driv med det som blir karakterisert som ”alvorlege lovbrøt”.

Når desse blir avslørde, kan ein finne ein fylkesutdanningsdirektør i Møre og Romsdal som seier at han ikkje opplever dette som massiv kritikk, og at det ikkje bør overraske nokon at vi ikkje klarer å oppfylle dei mange og store krava på dette området godt nok!

Jau, herr direktør! Det overraskar meg! Det overraskar meg at du sit på toppen av eit system som ikkje ser ut til å kjenne til dei mest elementære saksbehandlingsreglane og at du som forsvar gir til kjenne at du ikkje nødvendigvis er heilt samd i alle vurderingar tilsynet har gjort.

Men han understrekar at ikkje noko av det som blir gjort er uforsvarleg! Vart eg letta no? Slett ikkje!

Og det som kanskje er endå verre: Når så fylkesmannen, som sjølv har gjennomført tilsynet, også understrekar at det ikkje er overraskande at fylka endå ikkje har på plass eit system som er godt nok, og at det er store og kompliserte krav skuleeigarane må oppfylle, då blir eg verkeleg bekymra! Her er det nokon som sit på eit skjer og ror!

Dessutan er det ikkje tradisjon og kultur for systemtenking i skuleverket, seier tilsynsleiar hjå fylkesmannen Åge Pedersen til Sunnmørsposten 8.juni. Så det så!

Det er ikkje kultur for systemtenking i skuleverket!

DET er kraftig kost frå ein fylkesmannsrepresentant. Må tru kva tiltak han vil setje i verk for det, og kva signal han sender oppover til direktorat og departement! Det er ikkje nok med eit Kompetansløft her, nei!

Og kva er det så manglande systemtenking i skuleverket fører til? La meg at nokre døme frå tilsynet i Møre og Romsdal (som sunnmøring er det ikkje mi hensikt å hengje ut heimefylket, men det vart litt freistande når byråkratiet så uavkorta avslører seg sjølv!):

- Dei har ikkje forsvarleg system for å avdekkje, vurdere og følge opp krava i opplæringslova knytt til tilpassa opplæring
- Skulane har ikkje ei felles og lovmessig forståing av kva det inneber å tilpasse opplæring
- Det manglar også gode nok system for tiltaksplanar, kartlegging , korleis klager skal handterast
- Lærarane kjenner ikkje lovverket godt nok
- Fylket sikrar ikkje at alle med rett til spesialundervisning får ei opplæring dei har krav på med omsyn til omfang og kompetanse

- Spesialundervisning blir gjennomført av assistentar, noko som er ulovleg (oj!!!) og at PP-tenesta i enkelte tilfelle tilrår at opplæringa skal verte gitt av assistentar.
- Vedtak om spesialundervisning blir ikkje fatta i samsvar med reglane i opplæringslova og forvaltningslova
- Individuelle opplæringsplanar og halvårsrapportar har ikkje eit innhald som samsvarer med lova
- Det er ikkje arbeidd ut sakkunnig vurdering knytt til særskilde prioriterte utdanningsprogram, slik lova krev

Dette opplever altså fylkesutdanningsdirektør i Møte og Romsdal, Per Hoem, ikkje som massiv kritikk! Må tru kor lang den lista skal vere før innhaldet blir opplevd som massiv? Men dei gjer ikkje noko ”uforsvarleg”! Takk og pris for det!

Men du skjønar det, herr direktør, at du er i godt selskap: Høyr her frå tilsynet med fylkeskommunen i Hedmark:

- Hedmark fylkeskommune har ikkje implementert eit forsvarleg system for vurdering og oppfølging av om lovkrav i opplæringslova knytt til spesialundervisning blir teke i vare.

Dette ser ut til å vere avvik knytt til § 13.10 i opplæringslova. Ser ein imidlertid på observasjonane som ligg til grunn, finn ein at:

- Har ikkje gitt føringar til eit system for oppbevaring av elevvurderingar for tilpassa opplæring, altså § 13.10
- Ikkje system for at elevdokumentasjon følgjer med når søkjarar får avslag på søknaden om spesialundervisning og blir overført til ordinærinntaket, Jamfør § 5.1.
- Enkelte sakkunnige vurderingar er mangelfulle i høve lovkravet, § 5.3
- Det blir ikkje fatta enkeltvedtak for alle elevar som har rett til spesialundervisning, § 5.4
- Det blir ikkje arbeidd ut IOP for alle elevar som er tatt inn med rett til spesialundervisning, § 5.5
- I enkelte tilfeller tar det for lang tid før IOP blir arbeidd ut, utan at årsaka er grunngeven. Dette er brot på forvaltningslova.
- Det er ikkje arbeidd ut halvårsrapportar for alle elevar med enkeltvedtak, §5.5
- Fleire IOP`ar er mangelfullt utfylte, §5.5
- Kan ikkje vise til heilskapleg fylkeskommunalt system når det gjeld bruk, vurdering og oppfølging av kartleggingsresultat, § 13,10
- Fleire brot på § 5.5 i høve IOP`ar og rapportering, § 5.5

Det er difor viktig å sjå BAK tal på avvik og sjå kva reelle brot på lova som blir avdekka. Det er lite informativt om eit tilsyn inneheld 3 avvik dersom kvart avvik igjen inneheld opptil fleire lovbrott eller såkalla ”kreative tolkingar”.

Er det nokon grunn til å tru at desse fylka viser unnataka eller dannar dei regelen. Gå inn på fylkesmennene sine heimesider og sjekk sjølv. Det er ikkje lysteleg lesnad!

Eg kunne ha dratt fram liknande døme frå grunnskulen. I form og innhald skil desse seg i liten grad frå det som skjer i vidaregåande skule.

Gjennomgåande er den grunnleggjande mangelen på kjennskap til lovverket, og etter mi meining, den grunnleggjande mangelen på forståing av "lovens ånd" som inneber at byråkratiet skal syte for at borgarane får ta ut rettane sine slik lova seier.

I staden ser ein forvaltarar som brukar heile sin kreative sans til å avgrense rettar, formulere uforståelege grunngjevingar og avgrense brukarmedverknaden.

Eg VEIT det finns unnatak, men det er unnataka som skulle ha vore regelen!

"Something is rotten" som salige Shakespear sa.

Takk for meg!